Vinje kommune
Teknisk drift og infrastruktur

BRØYTING AV RODE 10
VÅMARTVEITVEGEN

Vinje kommune

2026/2027 – 2028/2029

ANBODSGRUNNLAG

August 2026

A. TILBODSFRAMSTILLING.

1. **Kva tilbodet omfattar.**
   Tilbodet omfattar innleige av maskiner og bilar med førar til utføring av snobrøyting, snorydding av rode 10 som beskrive i del C.

   Tilbjodaren må ta seg av brøyting, rydding og anna vintervedlikehald i samsvar med dei reglane som er gjeve i instruksen, og elles rette seg etter direktiv gjeve av teknisk drift og infrastruktur.

   Tilbjodaren må stå ved tilbodet sitt heile den perioden som er nemnt under pkt.2 ”Kor lenge tilbodet gjeld”.

2. **Kor lenge tilbodet gjeld**
   Tilbodet gjeld frå sesongen 2026/2027 til og med sesongen 2028/2029

3. **Krav til innleverte tilbod**

   Anskaffinga er omfatta av lov om offentlige anskaffelser. Anskaffinga gjennomførast som ein open anbodskonkurranse.

   Tilbodet vert gjeve på eige tilbodsskjema.

   Tilbodsskjemaet skal vera utfylt så fullstendig som mogleg. Tilbod som manglar vesentlege opplysningar kan bli forkasta. Tilbodet skal vera datert og underskrive av ansvarleg tilbjodar.

   I tillegg til utfylt tilbodsskjema ber ein om ei kort utgreiing om tilbjodars/førars erfaring og alder, samt om tilbjodar har reserveførar/bil/traktor.

   Registreringsnummer på bil/traktor skal oppgjevast.

   Kjøretøy må ha nødvendige godkjenningar.
   Førar må ha gyldig sertifikat. Dette må kunne framvisast til einkvar tid dersom Vinje kommune ber om det. Førar må vere over 18 år.

   Det må leverast inn skatteattest og meirverdiattest. Attestane skal ikkje vere meir enn 6 mnd gamle.

4. Tildelingskriterie

Frå og med 1. januar 2024 er § 7-9 i anskaffingsforskrifta endra; *Oppdragsgiver skal vekte klima- og miljøhensyn med minimum tretti prosent.*

Tildelinga skjer difor på bakgrunn av kva for tilbod som har det beste forhaldet mellom pris og kvalitet, basert på følgande kriterier:

Tildelingskriterie	Vekt	Dokumentasjonskrav
Pris	**70 %**	**Fyllast ut i vedlegg D**
Miljø	**30 %**	**Besvarast i vedlegg D**

5. Evalueringsmetode

PRIS 70 %
Prisane fyllast inn i vedlegg D. Prisane skal vere utan mva.
Kvar rode vil bli evaluert separat.

MILJØ 30 %
For kvart køyretøy som nyttast i kontrakten vil det bli gjeve følgande poeng:

Utslipp CO – CO2	Utslipp CO – CO2	Poeng 1 - 10
Utsleppsfritt		10
Hydrogen		9,5
Biogass		8
Diesel Steg V - standard (Stage V)	Euro 5 og 6	6
Diesel Steg III/IV	Euro 3 og 4	4
Diesel Steg I/II	Euro 1 og 2	1

Om entreprenøren har bestilt eller skal bestille nytt køyretøy til bruk i kontrakten kan dette takast med. Det må leggast med dokumentasjon frå forhandlar med stadfesting på at dette er bestilt eller kan bestillast og med forventa leveringsdato.

Tilbjodar/førar er pliktig til å halde telefon. Det blir sett som eit krav at kjøretøy som skal nyttast til brøyting og strøing er utstyrt med mobiltelefon. Telefonnummer skal oppgjevast i tilbodsskjemaet.

Det er ein føresetnad at tilbjodaren har gått gjennom den/dei rodene tilbodet omfattar og har gjort seg kjent med vintertilhøva på roden.

6. **Avvising av tilbod/avlysing av konkurranse**
   Vinje kommune kan avlyse konkurransen dersom prisane er høgare enn budsjett.

7. **Inngåing av avtale.**
   Avtale om innleige av maskiner og/eller bilar vert kontraktfesta.

8. **Vern og miljø.**
   Det vert krav at maskinene er utstyrt med slikt tryggleiksutstyr og tekniske innretningar som Arbeidstilsynet har pålagt med heimel i arbeidsmiljølova. Det vert kravd at den som utfører arbeidet er kjent med denne lova og utfører oppdrag i samsvar med den.

9. **Godtgjersler.**

   For lastebilar og maskiner er det aktuelt med følgjande godtgjersler:

   a) *Fast godtgjersle for beredskap for kvar sesong vert blir sett til kr: 3,25 pr. lm (rodelengde) og 3,0 kr pr. m^2 på plassar.*

   b) Pris pr. m eller pr m^2 for utført brøyting.

   c) Evt. innleige av maskinar til arbeid utanom ordinær brøyting vert gjort opp etter timeprisar oppgjeve i skjema i del D.

Fast godtgjersle har til føresetnad å dekkje beredskap i brøyte- og strøyeperioden.

Fast godtgjersle for heile sesongen blir utbetala ut i 6 månadlege avdrag uavhengig av sesongens lengde. Fyrste avdrag i november. Sesongen gjeld frå fyrste snofall på hausten til siste snofall på våren.

Entreprenøren må sjølv halde naudsynt utstyr for å utføre brøyting og strøying.
Kommunen held ikkje noko utstyr for entreprenøren.

Tilbodet skal fyllast ut med prisar pr. brøyterunde (del C). Ein brøyterunde er ein komplett runde der det er oppnådd full vegbreidde og alle plassar og snuplassar er fullstendig utbrøytt. Dvs. at ved store nedbørsmengder der entreprenøren vel å brøyte opp vegen slik at han kun er farbar, så er ein brøyterunde oppnådd når vegen og plassane er reinska opp for snø i full breidde.

Dei gjevne prisane skal vera **eksklusive** meirverdiavgift.

10. **Prisregulering.**
Prisane er bindande for heile kontraktperioden. Tilleggsarbeid vert godtgjort etter prisar oppgjeve i tilbodet.

11. **Timeutrekning.**
Ved evt. tilleggsarbeid på timar vil det berre bli betalt for effektive produksjonstimar. Oppgjevne arbeidstimar på brøyterapport skal vera runda av til nærmaste 5 min.

12. **Arbeidstid.**
Det kan ikkje gjevast fast arbeidstid for brøyting, rydding, strøing og anna vintervedlikehald. Instruksens pkt. 1- 4 er avgjerande for når arbeidet skal gjerast.

Det blir ikkje gjeve overtidstillegg for arbeid utover ordinær arbeidstid.

13. **Oppseiing av avtale.**
Det er gjensidig oppseiingsfrist med 3 månaders varsel. Frå kommunen si side kan kontrakten seiast opp med 14 dagars varsel dersom tilbjodaren forsømer arbeidet eller på annan måte mislegheld kontrakt. Brøyte entreprenøren kan ikkje overlata brøytekontrakta til ein anna, dette skal evt skrifteleg avtalas og godkjennast av kommunen.

14. **Oppgjer.**
Tilbjodaren skal føre brøyterapport. Oppgjer for snobrøyting og snorydding med traktor og anna vintervedlikehald vil bli gjeve på grunnlag av brøyterapportar. Brøyterapportar må leverast til teknisk drift og infrastruktur ein gong i månaden. Oppgjer vil skje i påfølgjande månad.

15. Dersom Vinje kommune innfører flåtestyring og stiller med dette vert det eit krav at alle entreprenørar skal ta dette i bruk.

16. **Materiell.**
Brøyteutstyr (inkludert snofres) må tilbjodarane halde sjølve.
Både snofresar og brøyteplog skal ha korrugert slitestål. Snofresar skal ha hjul (ikkje meier). Brøyteplog skal vere svingbar.

17. **Tilleggsutstyr.**
Tilbjodaren må sjølv koste innkjøp og montering av varsellykt som gjev blinkande gult ljos, samt brøyteljos og anna naudsynt utstyr som monterast på maskina.

18. **Innkjøp av nytt materiell.**
Dersom maskineigar skaffar seg nytt materiell forskjellig frå det som blei opplyst i tilbodet, må kommunen varslast.

19. **Forsikring og ansvar.**
Maskineigaren er sjølv ansvarleg for at dei naudsynte forsikringar er teikna.

20. **Levering av tilbod:**
Tilbodet er bindande i tre månadar frå tilbodsfristens utløp. **Tilbodet må vera kommunen i hende innan tysdag 8. september 2026 kl. 12:00 og skal sendast i lukka konvolutt og merkast "Tilbod brøyting av rode 10 i Vinje kommune 2026/2027 – 2028/2029"**

Åmot, 24. august 2026

Vinje kommune, teknisk drift og infrastruktur

Tone N. Midtbø

Tlf. 35062454/99575536
e-post: tone.midtbo@vinje.kommune.no

INSTRUKS

1. Det er ein føresetnad at tilbjodaren gjer seg godt kjent med roden før sesongen startar. Brøytinga skal utførast så ofte som naudsynt etter dei retningsliner som kommunen fastset. Dersom ikkje anna er fastsett i kontrakten, gjeld denne instruksen som retningsliner for brøytinga. Snorydding, sandstrøing og anna vintervedlikehald utførast etter direktiv gjevne av teknisk drift og infrastruktur.

2. Entreprenøren må sjølv halde alt brøytemateriell.

3. Vegen skal i den tida ein forutset at den er open for alminneleg ferdsel vera farbar for bilistar som er normalt utstyrt for vinterkøyring.

4. Minimum snomengde før brøytinga tek til skal vere 8 cm. Maks snomengde før brøytinga tek til skal ikkje overstige 12 cm. Ved våt sno er minimums snomengde 5 cm og maks 10 cm.

5. Ved snøfall om natta skal vegen vere gjennombrøyta før morgontrafikken set inn. Ved store snøfall eller føyke må tilbjodaren og om natta syte for naudsynt brøyting slik at vegen alltid er farbar i samhøve med pkt. 3.

6. Vegbanen skal ryddast i full breidde. Utbrøyting og rydding av møteplassar skal så langt som råd gå parallelt med brøyting av sjølve vegbanen.
   Dersom brøyting av gang- og sykkelveg er med i kontrakten må rydding av denne så langt som råd prioriterast på lik line med rydding av køyrebanen.

7. Dersom tilbjodaren/føraren meiner at høvling av vegbanen eller liknande er påkravd, skal han gje melding til teknisk drift og infrastruktur om når og kor slikt arbeid er naudsynt.

8. Det skal innarbeidas rutinar som sikrar at skader ikkje skjer. Det skal spesielt tas omsyn til born, grannar og mjuke trafikantar.

9. Det må ikkje gjerast skade på vegrekkverk, gjerder, trafikkskilt, lysanlegg og anna vegutstyr. Føraren må vise varsemd ved passering av ferister, grusbaner, kumlokk m.m. Entreprenøren må erstatte skader som vert påført kommunen eller tredjemann.

10. Snøen skal ikkje kastast direkte på hus, bilar og liknande ved bruk av snøfresar.

11. Blinkande gult varsellys skal alltid nyttast ved brøyting, strøing og snorydding.

12. Køyring på venstre side av vegen må ikkje gå føre seg utan at vegen er effektivt sperra for alminneleg ferdsel eller at ein har tilstrekkeleg varsling.

Del C
Prisane skal fyllast inn i skraverte felt

Rode	**Namn**	**Meter (m)**	**Areal (m2)**	**Pris**	**Beskriving**	**Sum**
10	Våmartveitvegen	8220			Frå E-134 til veg dele Kingland/Våmartveit inkl. snuplass, møteplassar og all rydding av kryss ved E134	
	Sum veg	**8220**			**Total pris pr. runde veg Våmartveitvegen**	

D. **TILBODSSKJEMA FOR INNLEIGE AV LASTEBILAR OG MASKINER PÅ TIMAR TIL BRØYTING, SNØRYDDING, STRØING OG ANNA VINTERVEDLIKEHALD.**

NR.	MERKE		EURO	STEG	ÅRS-MOD.	MOTOR-STYRKE HK (DIN)	REG. NR
	LASTEBIL	TRAKTOR					
1							
2							
3							

Type snoryddingsredskap/fres:_____

PRISTILBOD EKS MVA.

RODE NR.	BRØYTING	TURPRIS	TIMEPRIS	ANNA VEDL HALD	
10					

Diverse opplysningar:

Førar: ……Adresse: …… Tlf. nr. ……..…

Tilbjodar/firma: ……Adresse: …… Tlf. nr.……..

Dato: …… ……
Tilbjodars underskrift